



MØTEBOK

Organ	Fylkesutvalet
Møtestad	Balestrand - Kviknes Hotel
Møtedato	18.10.2018
Kl.	17:25 – 18:50

Faste medlemer til stades:

Jenny Følling, Sp
Sigurd Reksnes, Sp
Aleksander Øren Heen, Sp
Trude Brosvik, KrF
Åshild Kjelsnes, Ap
Hilmar Høl, Ap
Helen Hjertaas, Ap
Bjørn Erik Hollevik, H
Gunhild Berge Stang, V

Til stades med møte- og talerett:

Ass. fylkesrådmann Paal Fosdal

Sekretariat for møtet:

Svein Hågård og Marit Silje Husabø

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Fylkesutvalet valde fylkesordføraren og Sigurd Reksnes til å godkjenne møteboka på vegner av organet.

Fylkesutvalet vedtok at dokument nr. 9 i sak 113/18 skulle drøftast bak lukka dører, jf. kommunelova § 31, nr. 5, jf. offentleglova § 23 første ledd.

Munnlege orienteringar:

Fylkesdirektøren for samferdsle orienterte om flaumen som råka delar av fylket 13. – 15. oktober.

Fylkesutvalet gav fylkesrådmannen fullmakt til å nominere kandidatar til hovudstyret for Forskningsrådet for valperioden 2019 – 2022.

SAK 107/18 Val av medlemmar/varamedlem til Generalforsamlinga i Sparebanken Vest

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune gjer for perioden 2019 – 2023 slikt val til Sparebanken Vest si generalforsamling:

Medlem:
Medlem:
Varamedlem:

Framlegg:

Høgre sette fram slikt framlegg til medlem:
Anne Lilleaasen

Senterpartiet sette fram slikt framlegg til medlem:
Anita Nybø

Arbeidarpartiet sette fram slikt framlegg til medlem:
Henrik Oppen

Kristeleg Folkeparti sette fram slikt framlegg til varamedlem:
Svein Ottar Sandal

Avrøysting:
Bjørn Hollevik og Gunhild Berge Stang røysta for framleggget frå Høgre.
Dei andre framlegga vart deretter samrøystes vedtekne.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Sogn og Fjordane fylkeskommune gjer for perioden 2019 – 2023 slikt val til Sparebanken Vest si generalforsamling:

Medlem: Anita Nybø
Medlem: Henrik Oppen
Varamedlem: Svein Ottar Sandal

SAK 108/18 Klima- og miljøpris: Oppnemning av innstillingssnemnd

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Fylkesutvalet vel desse tre medlemane – frå eige utval, der ein vert leiar, og ein vert varemedlem, til innstillingssnemnda for klima- og miljøprisen:

Leiar:
.....
.....
Vara:.....

2. Ungdomspolitisk utval oppnemner ein representant som deltek i innstillingssnemnda.

3. Nemnda er valt for 2018 og 2019.
4. Retningslinene for tildeling av klima- og miljøprisen vert vedtatt slik dei ligg føre i saksframstillinga.
5. Fylkesutvalet gjer vedtak om kven som får tildelt prisen.

Framlegg:

Fylkesutvalet sette fram slikt framlegg til medlemer, jf. i punkt 1 i fylkesrådmannen si tilråding:

Leiar: Hilmar Høl
Gunhild Berge Stang
Sigurd Erlend Reksnes
Varamedlem: Trude Brosvik

Avrøyting:

Fylkesrådmannen si tilråding og framlegget frå fylkesutvalet vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Fylkesutvalet vel desse tre medlemene – frå eige utval, der ein vert leiar, og ein vert varemedlem, til innstillingsnemnda for klima- og miljøprisen:

Leiar: Hilmar Høl
Gunhild Berge Stang
Sigurd Erlend Reksnes
Vara: Trude Brosvik
 2. Ungdomspolitisk utval oppnemner ein representant som deltek i innstillingsnemnda.
 3. Nemnda er valt for 2018 og 2019.
 4. Retningslinene for tildeling av klima- og miljøprisen vert vedtatt slik dei ligg føre i saksframstillinga.
 5. Fylkesutvalet gjer vedtak om kven som får tildelt prisen.
-

SAK 109/18 Utvik Elektrisitetsverk - Søknad om løyve til nye Utvik kraftverk i Stryn kommune.

VEDTAK:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at det vert gitt løyve til nye Utvik kraftverk, då vi vurderer at dei samfunnsmessige fordelane av tiltaket er større enn ulempene. Vurderinga er knytt til det vi i dag veit om biologisk mangfold i tiltaksområdet.
 2. Verknadane tiltaket kan få for både terrestrisk og akvatisk biologisk mangfold er ikkje godt nok utgreidde, og bør undersøkast nærare.
 3. Vurderingane knytt til nyare tids kulturminne må leggjast til grunn i vidare handsaming.
-

SAK 110/18 Flora kommune - Bygging av Sagaelva kraftverk

VEDTAK:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til å gje løyve til bygging av Sagaelva kraftverk, då vi vurderer dei samfunnsmesige fordelane ved tiltaket til å vere større enn ulempene. Det vert føresett at dei føreslårte avbøtande tiltaka vert gjennomført.
 2. Dersom eksisterande rørleidningar går ut av bruk, oppmodar vi om at desse vert sanerte. Det bør vurderast nærmere om minstevassføringa som er føreslege er tilstrekkeleg ut frå omsyna til landskap og kulturlandskap.
 3. Når det gjeld Kulturminne og kulturmiljø vert det vist til fylkesrådmannen si saksframstilling.
-

SAK 111/18 Utviding Firdasalen fylkeshuset

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Fylkesutvalet er innstilt på å følgje opp presenterte planar for utviding av tingsalen i Fylkeshuset, Leikanger. Jf. møtet i finansutvalet 26.09.18.
2. Fylkesutvalet ber om at prosjektet blir innarbeidd i fylkeskommunen sitt budsjett for 2019, som skal realitetshandsamast i Fylkestinget den 04.12.18.

Avrøysting:

Fylkesrådmannen si tilråding vart vedteken mot Bjørn Hollevik si røyst.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Fylkesutvalet er innstilt på å følgje opp presenterte planar for utviding av tingsalen i Fylkeshuset, Leikanger. Jf. møtet i finansutvalet 26.09.18.
 2. Fylkesutvalet ber om at prosjektet blir innarbeidd i fylkeskommunen sitt budsjett for 2019, som skal realitetshandsamast i Fylkestinget den 04.12.18.
-

SAK 112/18 Årdal - Fv. 303 Seimsdalstunnelen - løysing for veg i dagen

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

Fylkesveg 303 frå Seimsdalstunnelen til Årebru i Årdal skal verte tilrettelagt for gåande og syklande ved å byggje utvida skulder på begge sider av vegen.

Endringsframlegg:

Arbeidarpartiet sette fram slikt framlegg til vedtak:

Fylkesveg 303 frå Seimsdalstunnelen til Årebru i Årdal vert tilrettelagt for gåande og syklande ved å byggje gang- og sykkelveg.

Avrøysting:

Fylkesrådmannen sin tilråding fekk ingen røyster, og fall.
Arbeidarpartiet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

Fylkesveg 303 frå Seimsdalstunnelen til Årebru i Årdal vert tilrettelagt for gående og syklande ved å byggje gang- og sykkelveg.

SAK 113/18 Skriv og meldingar fylkesutvalet 18. oktober 2018 - oppdatert 17.10.2018

Følgjande skriv og meldingar vart handsama:

- 1: Vedtektsendring i Ferde AS
- 2: Eigarmelding 2018 og Lutelandet Utvikling AS
- 3a og b:Brev til Kommunal- og Moderniseringsdepartementet:
Innspel til nytt inntektssystem for fylkeskommunane frå 2020
- 4a: NVE: Nasjonal ramme for vindkraft på land - Lokale og regionale innspel
- 4b: NVE: Nasjonal ramme for vindkraft - utsatt frist for innspill
- 4c: Nasjonal ramme for vindkraft – uttale til NVE
- 5: SFE Nett AS: Varsel om oppstart av regional kraftsystemutgreiing
- 6a og b:Brev frå Førde kommune - Førdepakken - bomtakstar - nullutsleppskøyretøy
- 7: Brev frå Abelia - Lærere og elevers tilgang til digitale læremidler
- 8: Kirkens Bymisjon - oppmading om bidrag til TV-aksjonen 2018
Vedtak:
Fylkesutvalet løyver kr 100 000 til Kirkens Bymisjon, frå posten «fylkesutvalet til disposisjon».
- 9: Fylkeskommunen sin eigarskap i Firda Billag AS
Ikkje offentleg, Ofl § 23, 1. ledd
Vedtak:
Fylkesutvalet gir fylkesrådmannen klarsignal til å gjennomføre fase 1. Han skal deretter konsultere fylkesutvalet.
- 10: Samanslåinga av Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar: Delprosjekt 12.4 «Innkjøpssamarbeid med eksterne partar» - orientering
- 11: Korrespondanse med Ningxia, Kina

12a og b:Raudt - Fråsegn mot manglande statsbudsjettmidlar til skredsikring

Vedtak:

Fylkesutvalet sender følgande fråsegn:

Treng ein heilskapleg plan for skredsikring!

Fylkesutvalet ber om at det vert utarbeidd ein heilskapleg, nasjonal plan for

skredsikring av riks og fylkesvegar med høg og middels skredfaktor. Denne planen må leggast fram ved første rullering av NTP med ei tidsramme for gjennomføring på 12 år.

Sidan oktober i fjor har det gått 2634 skred på veg ifølge vegkart.no. Heile 271 av skredhendingane førte til fullstendig vegstenging og i hundre tilfelle førte skred til vesentlege skader på vegen. At ikkje fleire enn tre personar vart skadde må i stor grad tilskrivast utstrekkt stenging av vegen rasfare.

Ser vi på dei siste 10 åra ligg årsgjennomsnittet på 2380 skred og 263 stengingar for all trafikk.

I nyhendebiletet framstår hendingane som meir eller mindre tilfeldige enkeltsaker, spreidd rundt omkring i det meste av landet. Merksemda er sterkt lokalt, ved store hendingar også nasjonalt, men det er lite fokus på å sjå dette i eit heilskapsperspektiv og det manglar konkrete mål for å løyse dei samla utfordringane med skred på vegnettet.

I framlegg til Statsbudsjett for 2019 vert det frå samferdsledepartementet foreslått å løyve 1093 mill. til skredsikring på riksvegar (post 31) og 777 mill. til skredsikring på fylkesvegar (post 62), til saman 1870 mill. kr. Det er 156 mill. meir enn i 2015-budsjettet og 472 mill. høgare enn i årets budsjett.

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane er glade for auka løyvingar til skredsikring, men vi vil påpeike at den etterfølgjer ein årleg nedgang sidan 2015.

Dei berekna totale kostnadane for skredsikringsprosjektet av registrerte punkt innan høg- og middels skredfaktor på riks- og fylkesvegnettet vert i Statens vegvesen sitt vegkart.no pr. 10 oktober i år rekna til om lag 51 milliardar kroner. Dette meiner vi viser at statsråd Jon Georg Dahle sin påstand til fagbladet «Veier24» om at «kravet til rassikring nærmest er umettelig» ikkje stemmer, men tvert om at kravet om rassikring av vegnettet er fullt ut realistisk.

- 13a: Innkalling til ekstraordinær generalforsamling i Origod AS
- 13b: Fusjonsplan Origod AS og Nærtenesten AS
- 13c: Revisoruttale for overtakende selskap
- 13d: Uttale tilsette Origod Nærtenesten, *sladda versjon jf. offl. §13 jf. fvl. §13 nr. 1*

- 14: Stad skipstunnel

Vedtak:

Fylkesutvalet sender følgande fråsegn:

Stad skipstunnel treng startløyving no.

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane registrerer at Stad skipstunnel ikkje ligg inne i Regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett for 2019.

Stad skipstunnel er eit prosjekt som er godt gjennomarbeida og godt utgreidd. Forprosjektet til Kystverket (2017) tilrår bygging av Stad skipstunnel, og grunngjør dette med at dei ikkje-målbare gevinstane ved skipstunnel overstig dei kronesette kostnadene.

Eit samla næringsliv på kysten, Norges Fiskarlag, Kystrederiene, Hurtigbåtforbundet, Marine Harvest, Sunnmøre regionråd, Sogn og Fjordane Næringsråd, Vestlandsrådet og Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har prioritert Stad skipstunnel i sitt innspel til Nasjonal transportplan (2018 – 2029).

Sogn og Fjordane fylkeskommune krev at Stortinget legg inn 30 million kroner i statsbudsjettet for 2019 slik at arbeidet går vidare i tråd med nasjonal transportplan for kystverket.
